

MØTEINNKALLING

Utval: Kontrollutvalet i Aurland kommune
Møtedato: Torsdag 29. november 2018 kl 09:00
Møtestad: Møterom 216

SAKLISTE

17/2018 Forvaltningsrevisjon – prosjektplan. Evaluering av arbeidet med sikring og oppattbygging etter flaumen i oktober 2014

Eventuelle forfall meldast til kontrollutvalssekretariatet v/Harald Mo, tlf: 95 26 13 40 eller e-post harald.mo@pwc.com

Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Aurland, 22.11.2018

Olav Ellingsen
Leiar (sign)

Harald Mo
Sekretariat

Kopi:
Ordførar
Rådmann
Oppdragsansvarlig revisor

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Sak 17/2018 Forvaltningsrevisjon, prosjektplan: Evaluering av arbeidet med sikring og oppattbygging etter flaumen i oktober 2014

Sakshandsamar Harald Mo	Møtedato 29.11.2018	Saknr 17/2018
-----------------------------------	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Saka vert lagt fram utan tilråding men til drøfting i kontrollutvalet.

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	November 2018	KPMG	Prosjektplan Evaluering av arbeidet med sikring og oppattbygging etter flaumen i oktober 2014 Forvaltningsrevisjon Aurland kommune
2	06.11.2018	Aurland kommune	Melding om vedtak – Evaluering av arbeidet med sikring og oppattbygging etter flaumen i oktober 2014
3	13.09.2018	Aurland kommune, protokoll frå kommunestyret	Utdrag av protokoll side 9, Interpellasjon frå Per Are Flåm

Kommunestyret gjorde i sak 84/18 dette vedtaket:

1. Kommunestyret ber Kontrollutvalet gjennomføre ein forvaltningsrevisjon av kommunen sin politiske og administrative handtering av flaumhendinga i oktober 2014 innafor ei økonomisk ramme på 200.000 kroner.
2. Det blir budsjettert 200.000 kroner til forvaltningsrevisjon i 2019.
3. Prosjektplan frå Kontrollutvalet skal leggest fram for kommunestyret i januar.
4. Arbeidet med revisjon skal starte opp i januar 2019.

Interpellasjon og svar frå ordførar blir lagt ved saka, og følger saka vidare til Kontrollutvalet.

Kontrollutvalet drøfta saka i møte 30.10.2018 før kommunestyret si handsaming:

Kontrollutvalet drøfta sak til kommunestyret 84/2018 om evaluering av flaumen. Dersom kommunestyret vedtak innstillinga til formannskapet så vil kontrollutvalet handsame prosjektplan i første møte i 2019 og legge denne fram for kommunestyret i første møte i 2019. Det første møtet i 2019 kan bli flytta som følgje av dette.

Kontrollutvalet har bestemt at ein vil handsame prosjektplanen i ekstramøte slik at kommunestyret kan handsame planen i sitt møte 13. desember.

Aurland kommune har rammeavtale med KPMG på forvaltningsrevisjon. KPMG har utarbeidd prosjektplan basert på kommunestyret sitt vedtak.

Prosjektplanen ligg vedlagt til gjennomgang og drøfting. Forvaltningsrevisor er disponibel og kan delta i telefonmøte med kontrollutvalet dersom det er behov for dette.

VEDLEGG 1



Prosjekt- plan

**Evaluering av arbeidet med
sikring og oppattbygging etter
flaumen i oktober 2014**
Forvaltningsrevisjon
Aurland kommune

November 2018

www.kpmg.no

4

Innhald

Innhald	2
1. Innleiing	3
1.1 Bakgrunn	3
2. Føremål, problemstillingar og kriterier	4
2.1 Føremål og avgrensing	4
2.2 Problemstillingar	4
2.3 Revisjonskriterier	5
3. Tilnærming, team og honorar	6
3.1 Metode	6
3.2 Aktivitets- og framdriftsplan	6
3.3 Prosjektteam	7
3.4 Honorar	7

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Kommunestyret i Aurland kommune vedtok 01.11.2018 i saksnummer 084/18 å bestille ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av kommunen si politiske og administrative handtering av flaumhendinga i oktober 2014. Kommunestyret ynskjer å evaluere investeringsprosjekta som kommunen har gjennomført for å sikre seg mot flaum i framtida.

Kommunestyret ynskjer å evaluere kommunen si handtering av flaumhendinga. Evalueringa er godt eigna til å gjennomførast som ein forvaltningsrevisjon. Hovudføremålet med evalueringa er å lære av dei funna som kjem fram og ta med seg vidare det som har fungert bra i flaumhandteringa. Kommunestyret vektlegg at det er viktig å vurdere kommunen sin kontroll, styring og ressursbruk i åra etter flaumhendinga. I tillegg er det viktig å få fram om arbeidet er gjennomført i samsvar med lover og reglar. Her vektleggast det som sentrale spørsmål om kommunen var godt nok rigga for å gjennomføra arbeidet, om kommunen organiserte seg på ein føremålstenleg måte og om den økonomiske kontrollen vart utført på ein skikkeleg måte opp mot dei midlane som var til rådighet. Evalueringa må ta omsyn til at arbeidet ikkje er ferdig og at det står att relativt mykje etterarbeid og bygging av ny bru ved Flåm skule.

Det er vanleg å gjennomføre slike evalueringar når arbeidet er slutført, men sidan det er kommuneval i 2019 ser kommunen det som føremålstenleg å starte opp evalueringa i starten av 2019 slik at kommunestyret som har handtert flaumhendinga også evaluerer den politiske og administrative flaumhandteringa.

Planutkastet skal behandlast i kommunestyret i januar 2019.

2. Føremål, problemstillingar og kriterier

2.1 Føremål og avgrensing

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å evaluere korleis kommunen har handtert flaumhendinga i oktober 2014. Hovudføremålet er å lære av dei funna som kjem fram, og ta med seg vidare det som har fungert bra.

Forvaltningsrevisjonen omfattar den politiske og administrative handteringa av flaumhendinga i oktober 2014. Revisjonen vil primært vurdere den administrative handteringa av flaumhendinga. Når det gjeld den politiske handteringa, vil revisjonen kartlegge korleis dei politiske organa i kommunen har handtert flaumhendinga.

Forvaltningsrevisjonen vil være forbetningsorientert, og vil ha som formål å gi tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer mulige forbetningsområde.

2.2 Problemstillingar

På bakgrunn av føremålet blir følgjande hovudproblemstilling foreslått:

Korleis har kommunen handtert flaumhendinga i oktober 2014?

Problemstillinga vert svart ut gjennom følgjande underproblemstillingar:

1. Kontroll, styring og ressursbruk

- a. Korleis og i kva grad har kommunen hatt kontroll ved den administrative handteringa av flaumhendinga, herunder mellom anna:
 - i. roller og ansvar
 - ii. informasjon
 - iii. oppfølging av leverandørar
 - iv. i kva grad har kommunen evaluert og lært av hendinga?
- b. I kva grad utførte kommunen god økonomisk kontroll av midlane som var til rådighet til handteringa av flaumhendinga?
- c. I kva grad har kommunen sin ressursbruk angående sikring og oppbygging av infrastruktur etter flaumen vore formålseffektiv?
- d. I kva grad organiserte kommunen seg på ein føremålstenleg måte under og i etterkant av flaumhendinga?
- e. Korleis har dei politiske organa i kommunen handtert flaumhendinga?

2. Lover og reglar

- a. I kva grad er den administrative handteringa av flaumhendinga gjennomført i samsvar med beredskapsfaglege lover og reglar?

- b. I kva grad er den administrative handteringa av flaumhendinga gjennomført i samsvar med kommunale planar?

For å vurdere kommunen si handtering av flaumhendinga vil vi i samtalar med kommunen velje ut to investeringsprosjekt som vi vil studere nærmare. Her vil vi vurdere kontrollen, styringa og ressursbruken i tillegg til samsvar med lover og reglar i desse investeringsprosjekta.

2.3 Revisjonskriterier

Til problemstillingane vert det stilt opp revisjonskriterier. Revisjonskriterier er dei krav og normer som tilstand og/eller praksis i kommunen målast mot. Revisjonskriteria må vere aktuelle, relevante og gyldige for kommunen. Sentrale kjelder til å utleie revisjonskriterier vil vere:

- ✓ Kommuneloven
- ✓ Meld. St. 15 (2011-2012) Hvordan leve med farene – om flod og skred
- ✓ Byggeteknisk forskrift (TEK17) § 7-2. Sikkerhet mot flom og stormflo
- ✓ Retninglinjer nr. 2/2011: Flaum- og skredfare i arealplanar
- ✓ Rettleiar: Flaumfare langs bekker råd og tips om kartlegging
- ✓ Rettleiar: Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging
- ✓ Kommunale planar

3. Tilnærming, team og honorar

3.1 Metode

For å kunne svare på problemstillingane vil vi nytte dokumentanalyse og intervju.

I første omgang vil vi samle inn relevant dokumentasjon frå kommunen. Vi vil innhente og gjennomgå dokumentasjon som kan gi informasjon om kommunen si politiske og administrative handtering av flaumhendinga i oktober 2014. Vidare vil vi samle inn dokumentasjon om korleis kommunen har organisert, arbeida med og ført økonomisk kontroll ved handteringa av flaumhendinga. I tillegg vil vi samle inn dokumentasjon om kommunen sin kontroll, styring og ressursbruk.

Det vil vere relevant å gjennomføre intervju med blant anna rådmann og leiar for teknisk angåande den administrative handteringa av flaumhendinga. Vi vil også som ein del av kartlegginga av den politiske handteringa av flaumhendinga intervju ordførar og medlemmane i formannskapet. Det kan også være aktuelt å intervju medlemmar av politiske utval som har jobba tett med den politiske handteringa av flaumhendinga.

Ein interpellasjon i kommunestyremøtet vektlegg at for å få ei så god evaluering som mogleg må ein hente inn tilbakemeldingar frå entreprenørar, involverte grunneigarar og andre partar der dei kan beskrive sine erfaringar frå flaumsikringsinvesteringane. Her vil vi i samarbeid med kommunen velje ut to prosjekt som vi vil studere nærare, der vi vil intervju entreprenørar og grunneigarar i tillegg til administrative ansatte og politisk valgte i kommunen. Vi vil velje ut eit prosjekt som kommunen tykkjer har fungert bra og eit prosjekt som kommunen tykkjer ikkje har fungert vel så bra. Her vil vi vurdere kontrollen, styringa og ressursbruken til kommunen i desse prosjekta, i tillegg til samsvaret med lover og reglar.

Føremålet med intervju er å få utfyllande informasjon og forklaringar til oversendt dokumentasjon. Ved gjennomføring av intervju utarbeidar vi intervjuguidar. Frå kvart intervju skriv vi referat som vi sender til kvar enkelt respondent til verifisering (gjennomlesing og eventuell korrigerings).

Informasjonen som samlast inn frå dokument og intervju vil bli gjennomgått og analysert opp mot revisjonskriteria. Dette vil nyttast for å gi svar på problemstillingane i forvaltningsrevisjonen.

3.2 Aktivitets- og framdriftsplan

Figuren under viser forslag til aktivitets- og framdriftsplan:

Faser + aktiviteter	Timer	November					Desember			Januar					Februar				Mars			April		
		45	46	47	48	49	50	51	52	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15
1 Forberede	15																							
Forundersøkelse	5																							
Etablere prosjektplan	5																							
Godkjenning prosjektplan	5																							
2 Starte opp	15																							
Sende oppstartsbrev	3																							
Oppstartsmøte	5																							
Dokumentliste	3																							
Intervjuplan	4																							
3 Gjennomføre	152																							
Dokumentanalyse	30																							
Intervjuguide	5																							
Intervjuer	22																							
Analyse	50																							
Kvalitetssikring	20																							
Rapportutkast	25																							
4 Rapport	18																							
Ferdigstille rapportutkast	10																							
Høring rapportutkast (1-2 u.)	0																							
Justering rapportutkast	5																							
Oversendelse av rapport	3																							
	200																							

Aktivitet- og framdriftsplanen viser at arbeidet med forvaltningsrevisjonen kan starte opp i januar etter at prosjektplanen er vedtatt i kommunestyret. I tidsrommet januar-februar vil vi samle inn og analysere data. Rapportskrivning og høring av rapporten vil skje i februar-mars, med levering av endeleg rapport til kontrollutvalet sitt sekretariat i april 2018.

3.3 Prosjektteam

KPMG sitt team i forvaltningsrevisjonen består av følgende:

Oppdragsansvarleg: Director Ole Willy Fundingsrud

Prosjektleder: Associate Håkon Lindberg

Prosjektmedarbeidarar: Associate Magnus Heggen og Associate Magnus Hjellum

3.4 Honorar

I samsvar med avtale.



Kontakt oss

Ole Willy Fundingsrud

Direktør

T +47 40 63 96 92

E ole.willy.fundingsrud@kpmg.no

Håkon Lindberg

Associate

T +47 47 28 25 16

E Hakon.Lindberg@kpmg.no

kpmg.no

© 2018 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity. All rights reserved.

This proposal is made by KPMG AS, a limited liability company and a member firm of the KPMG network of independent firms affiliated with KPMG International, a Swiss cooperative, and is in all respects subject to the negotiation, agreement, and signing of a specific engagement letter or contract. KPMG International provides no client services. No member firm has any authority to obligate or bind KPMG International or any other member firm vis-à-vis third parties, nor does KPMG International have any such authority to obligate or bind any member firm.



VEDLEGG 2

AURLAND KOMMUNE

Rådmannen

Aurland, 06.11.2018

Kontrollutvalet i Aurland kommune v/ Harald Mo

Vår ref.
2018000981-2

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Margunn Tolleshaug, 57
63 29 58

Arkiv
K2 - K54, K2 - X53, K3 -
&34, K3 - &58

Melding om vedtak - Evaluering av arbeidet med sikring og oppattbygging etter flaumen i oktober 2014

Kommunestyret - 084/18:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

1. Kommunestyret ber Kontrollutvalet gjennomføre ein forvaltningsrevisjon av kommunen sin politiske og administrative handtering av flaumhendinga i oktober 2014 innafor ei økonomisk ramme på 200.000 kroner.
2. Det blir budsjettert 200.000 kroner til forvaltningsrevisjon i 2019.
3. Prosjektplan frå Kontrollutvalet skal leggst fram for kommunestyret i januar.
4. Arbeidet med revisjon skal starte opp i januar 2019.
Interpellasjon og svar frå ordførar blir lagt ved saka, og følger saka vidare til Kontrollutvalet.

Til punkt 4, 2. del:

Interpellasjon og svar frå ordførar følger vedlagt i protokoll frå kommunestyremøtet 13.09.2018, sak 065/18 Open post.

Med helsing

Margunn Tolleshaug
Fagleiar informasjon og politisk sekretær

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 13.09.2018



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
075/18	Formannskapet	24.10.2018
084/18	Kommunestyret	01.11.2018

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
18/981 - 18/6649	K2 - K54, K2 - X53, K3 - &34, K3 - &58	Steinar Søgaaard	15.10.2018

Evaluering av arbeidet med sikring og oppattbygging etter flaumen i oktober 2014

Tilråding frå rådmannen:

1. Kommunestyret ber Kontrollutvalet gjennomføre ein forvaltningsrevisjon av kommunen sin politiske og administrative handtering av flaumhendinga i oktober 2014 innafor ei økonomisk ramme på 200.000 kroner.
2. Det blir budsjettert 200.000 kroner til forvaltningsrevisjon i 2019.
3. Kontrollutvalet legg fram prosjektplan for kommunestyret til godkjenning

Saksframlegg

Det er ønskjeleg å få evaluert korleis kommunen har handtert flaumhendinga i oktober 2014. I kommunestyret 13. september vart dette teke opp i ein interpellasjon, og ordføraren har bedt rådmannen legge fram ei sak på korleis dette kan gjerast.

Vurdering

Å gjennomføre ei evaluering av korleis kommunen har handtert flaumhendinga i oktober 2014 bør prioriterast. Aurland kommune vil bruke om lag 90 mill. kroner til å sikre, og bygge opp att, infrastruktur etter flaumen. Slike evalueringar er vanleg å gjennomføre når arbeidet er slutført, men sidan det er kommuneval i 2019 vil det vere føremålstenleg å starte opp evalueringa i løpet av dei første månadane neste

år. På den måten vil det kommunestyret som har handtert hendinga og vere det same som evaluerer det politiske og administrative arbeidet.

Hovudføremålet med evalueringa må vere å lære av dei funna som kjem fram, og ikkje minst ta med seg vidare det som har fungert bra. Det viktigaste i denne samanhengen vil vere om kommunen har hatt god kontroll, styring og effektiv ressursbruk gjennom desse fem åra. I tillegg er det viktig å få fram om arbeidet er gjennomført i samsvar med lover og reglar. Ut frå det perspektivet vil sentrale spørsmål vere om kommunen var godt nok rigga for å gjennomføra arbeidet, organiserte kommunen seg på ein føremålstenleg måte og vart den økonomiske kontrollen utført på ein skikkeleg måte opp mot dei midlane som var til rådighet. I evalueringa må det takast omsyn til at arbeidet ikkje er ferdig, og at det står att relativt mykje etterarbeid i tillegg til bygging av brua ved Flåm skule.

Evalueringa er godt eigna som ein forvaltningsrevisjon, og rådmannen tilrår at dette arbeidet blir gjennomført av kontrollutvalet. Kontrollutvalet bør utarbeida ein prosjektplan som blir lagt fram for kommunestyret. Det blir budsjettert med ei ramme til forvaltningsrevisjon på 200.000 kroner i 2019.

24.10.2018 Formannskapet

Røysting

Tilråding frå rådmann: samrøystes

FS-075/18 Vedtak:

1. Kommunestyret ber Kontrollutvalet gjennomføre ein forvaltningsrevisjon av kommunen sin politiske og administrative handtering av flaumhendinga i oktober 2014 innafor ei økonomisk ramme på 200.000 kroner.
2. Det blir budsjettert 200.000 kroner til forvaltningsrevisjon i 2019.
3. Kontrollutvalet legg fram prosjektplan for kommunestyret til godkjenning
Samrøystes

01.11.2018 Kommunestyret

Tilleggsforslag:

Endringsframlegg - og tilleggsframlegg frå Per Are Flåm:

3. Prosjektplan frå Kontrollutvalet skal leggest fram for kommunestyret i januar.
4. Arbeidet med revisjon skal starte opp i januar 2019.

Interpellasjon og svar frå ordførar blir lagt ved saka, og følger saka vidare til kontrollutvalet.

Røysting

Det vart røysta punktvis og alternativt:

Framlegg frå formannskapet:

Punkt 1: samrøystes

Punkt 2: samrøystes

Punkt 3:
Framlegg frå formannskapet: 5 røyster
Endringsframlegg frå Per Are Flåm: 12 røyster

Tilleggsframlegg frå Per Are Flåm:
Punkt 4 - 1. del: samrøystes
Punkt 4 - 2. del: samrøystes

KS-084/18 Vedtak:

1. Kommunestyret ber Kontrollutvalet gjennomføre ein forvaltningsrevisjon av kommunen sin politiske og administrative handtering av flaumhendinga i oktober 2014 innafor ei økonomisk ramme på 200.000 kroner.
2. Det blir budsjettert 200.000 kroner til forvaltningsrevisjon i 2019.
3. Prosjektplan frå Kontrollutvalet skal leggest fram for kommunestyret i januar.
4. Arbeidet med revisjon skal starte opp i januar 2019.
Interpellasjon og svar frå ordførar blir lagt ved saka, og følger saka vidare til Kontrollutvalet.

Byggeforbod vart vurdert i fasen etter at det vart kjent at Flåm ligg i område som kan bli råka av fjellskredgenerert flodbølge. Byggeforbod vart ikkje lagt ned då, og administrasjonen vurderer det ikkje som hensiktsmessig no.

Administrasjon har følgd opp meldingar om tiltak i Flåm som kan vere ulovlege. Desse er under handsaming. Vedtak vil normalt bli offentleg tilgjengelege. Ordføraren vil avslutningsvis leggja til at det er viktig å få på plass ein områdeplan for Flåm som legg til rette for vidare næringsutvikling og gode og trygge trafikklysingar. Eg oppmodar alle som har eit sterkt engasjement for gode, framtidige løysingar for Flåm om å ha eit nært og godt samarbeid. Den prosessen Aurland kommune har ansvar for skal sjølvstøtt vera open og demokratisk, i samsvar med reglane i plan- og bygningslova.

Interpellasjon frå Per Are Flåm:

Eg har i tidlegare kommunestyremøter teke opp at det er ønske om ein gjennomgang av alt arbeid som er utført/gjennomført i dei forskjellige investeringsprosjekta som har vore relatert til flaumen i 2014.

Sist eg tok dette opp, var svaret at alle desse prosjekta som låg inne i flaumbudsjettet/flaumregnskapet, skulle evaluerast når alle arbeid var ferdig. Eg er klar over at det står att ei bru å gjere ferdig, men dette arbeide er no komen i gang, og blir forhåpentligvis fullført på tid og kostnad.

Denne evalueringa meiner eg er svært viktig å gjennomføre, då det sannsynligvis er mykje å lære om korleis ein skal drive framtidige prosjekt og investeringar som kommunen skal gjere i framtida. Det er mykje ein får svar på gjennom ei slik evaluering, som f.eks :

- Var kommunen godt nok rigga for å gjennomføre dette arbeidet
- Kva var bra i gjennomføringa, og må takast med vidare
- Kva var ikkje bra i gjennomføringa, og må takast lærdom av
- Korleis var budsjetterte postar opp mot endeleg kostnad pr. prosjekt
- Organiserte ein seg på rett måte ??

For å få ein så god evaluering som muleg, må ein også hente inn tilbakemeldingar frå entreprenørar, involverte grunneigarar og andre partar, der dei beskriv sine erfaringar frå gjennomføringa.

Eg meiner det hastar med å gjere dette arbeide no. Til lengre ein ventar, til dårligare svar får ein, - og ein fortsett vidare utan å ta med seg noko som helst læring på ting ein kan gjere annarleis og bedre. For framtidige prosjekt i kommunal regi er det heilt sikkert noko å hente økonomisk også, på å gjennomføre denne evalueringa.

Eg ber Ordførar og Kommunestyre om at gjennomføring av ein slik evaluering blir teken opp i møte, og sett på saklista i dag.

Svar frå ordføraren:

Rådmannen opplyser følgjande:

Aurland kommune held på med utarbeiding av rekneskapsrapport etter flaumen til departementet. Dette arbeidet vil dokumentere samanheng mellom kalkyle, som låg til grunn for søknad om tilskot frå Staten om skjønsmidlar for oppbygginga etter flaumhendinga 28.10.2014. Dette arbeidet skjer i samarbeid med Fylkesmannen. Rapporten vil syne korleis skjønsmidlane er nytta. Rapporten vil og avklare om det er naudsynt å be om å få tildelt meir skjønsmidlar, ettersom post for uføresett er teke ut av grunnlag for tildeling av skjønsmidlar frå Staten si side.

Flaumprosjektet, med unntak av skulebrua i Flåm blir avslutta i 2018.

Ordføraren vil be rådmannen om å førebu ei sak til kommunestyret om evaluering av korleis kommunen politisk og administrativt har handtert flaumhendinga. Eg legg for min del til grunn at dette vert gjennomført av ekstern aktør. Dei spørsmål som er stilt i interpellasjonen er etter mitt syn relevante å ha med seg i ei evaluering.